



KOMMUNEPLANEN SIN SAMFUNNSDEL - ENDELEG BEHANDLING

Saksgang:

Utval	Saksnummer	Møtedato
Senior- og Brukarrådet	030/22	29.08.2022
Ungdomsrådet	022/22	30.08.2022
Utval for levekår	033/22	31.08.2022
Utval for lokal utvikling	073/22	01.09.2022
Time formannskap	059/22	06.09.2022
Time kommunestyre	055/22	20.09.2022

Framlegg til vedtak:

Kommuneplanen sin samfunnsdel 2022-2034 vert vedtatt.

Senior- og Brukarrådet

Framlegget vart samrøystes vedtatt.

SBR-030/22 Vedtak:

Kommuneplanen sin samfunnsdel 2022-2034 vert vedtatt.

Ungdomsrådet

Framlegget vart samrøystes vedtatt.

UNG-022/22 Vedtak:

Kommuneplanen sin samfunnsdel 2022-2034 vert vedtatt.

Utval for levekår

Framlegget vart vedtatt med 7 mot 2 røyster (Sv, Sp).

ULE-033/22 Framlegg:

Kommuneplanen sin samfunnsdel 2022-2034 vert vedtatt.

Utval for lokal utvikling

Ugild
Pål Undheim

Følgjande vara møtte
Kjetil Eide

Merknad
Fvl. § 6, 2. ledd.

Pål Undheim (H) ba om å få vurdert sin habilitet i saka, jf. fvl. § 6, 2. ledd. Kjetil Eide (H) deltok i habilitetsvurderinga. Utval for lokal utvikling erklærte samrøystes Pål Undheim inhabil.

Forslag frå Jon Torger Hetland Salte (MdG)

Endra gjeldande jordvernmål til omdisponering av maksimalt 15 dekar landbruksjord i året i samsvar med signal frå den sittande regjeringa (maks 2000 dekar nasjonalt).

Forslaget frå Jon Torger Hetland Salte fekk 2 røyster og falt (Sp, MdG).

Framlegget vart vedtatt med 7 mot 2 røyster (Sp, MdG).

ULK-073/22 Framlegg:

Kommuneplanen sin samfunnsdel 2022-2034 vert vedtatt.

Time formannskap

Framlegget vart vedtatt med 5 mot 4 røyster (V, SV, 2 Sp).

FSK-059/22 Framlegg:

Kommuneplanen sin samfunnsdel 2022-2034 vert vedtatt.

Time kommunestyre

Fellesforslag frå V, Sp, MdG og SV **v/Beate Asen Bøe (SV)**

Endra gjeldande jordvernmål til omdisponering av maksimalt 15 dekar landbruksjord i året i samsvar med signal frå den sittande regjeringa (maks 2000 dekar nasjonalt).

Framlegget frå FSK vart vedtatt med 16 røyster medan 11 røysta for Beate Aasen Bøe sitt forslag (5 Sp, V, MdG, 2 SV, Kjell Olav Stangeland Ap, Svein Hestvaag Uavh).

KS-055/22 Vedtak:

Kommuneplanen sin samfunnsdel 2022-2034 vert vedtatt.

KOMMUNEPLANEN SIN SAMFUNNSDEL - ENDELEG BEHANDLING

SAKA GJELD

Kommuneplanen sin samfunnsdel for perioden 2022-2034 har vore på høyring og vert nå lagt fram for endeleg behandling.

SAKSOPPLYSNINGAR

Alle kommunar skal ha ein kommuneplan som består av ein samfunnsdel og ein arealdel. Medan arealdelen tek føre seg arealbruken i kommunen, skal samfunnsdelen ta stilling til dei langsiktige utfordringane, måla og strategiane for kommunen som heilskap. Dei ulike sektor- og temaplanane som kommunen utarbeidar skal byggja på samfunnsdelen.

Revisjon av kommuneplanen sin samfunnsdel er ei prioritert planoppgåve i Planstrategi for Time kommune 2019-2023. Ein del av arbeidet med revisjon av gjeldande samfunnsdel har vore å knyta arbeidet med samfunns- og arealplanlegging opp mot FN sine berekraftmål. Kommunestyret godkjente i [møte 16. februar 2021](#) kommunedirektøren sitt forslag til prioritering av berekraftmål for Time kommune.

Formannskapet godkjente i [møte 8. juni 2021](#) planprogrammet for samfunnsdelen. I perioden juni 2021 og fram til februar 2022 er det arbeid med høyringsutkast til samfunnsdelen, samstundes som det er gjennomført medverknadsopplegg og arbeid med utgreiingar.

Planprogrammet synleggjer utfordringane kommunen står overfor dei næraste 12 åra. Utfordringane er tett knytt opp til prioriterte berekraftmål.

På bakgrunn av utfordringar og prioriterte berekraftmål, er det valt ut følgjande satsingsområde for planperioden:

- Me skal gjera det i lag
- Gode kvardagsliv
- Bryne – byen på Jæren
- Saman mot eit grønare samfunn

Under satsingsområde «Gode kvardagsliv» er det tre underpunkt:

- God oppvekst
- Aktive innbyggjarar
- Gode nabolag

Satsingsområda går på tvers av tenesteområda og viser at kommunen må «dra lasset saman» for å møte utfordringane kommunen står overfor. Satsingsområdet «Me skal gjera det i lag» skal fungera som ei overbygning over dei andre satsingsområda.

Opplegg for medverknad

Ulike aldersgrupper er forsøkt ivaretatt i medverknadsopplegget. Fokus har vore å få innspel på kva som er bra og som er viktig å ha med vidare i arbeid med

samfunnsdelen, og å få fram kva som manglar og kva som eventuelt bør få eit større fokus.

Barn og unges stemme er høyrte gjennom:

- Barn og unge kommunestyre hadde planprogram og valde satsingsområde som sak i Barn og unges kommunestyre 17.11.21. I forkant hadde elevråda på alle grunnskulane arbeid med problemstillingar knytt til samfunnsdelen
- Møllekjellaren ungdomsklubb har drøfta satsingsområda og kome med forslag til kva som er viktig for ungdommen nå og om 10 år
- Ungdomsrådet drøfta satsingsområda på møtet 16.11.21 og kom med innspel på dei ulike satsingsområda

Vaksne og eldre sin stemme er høyrte gjennom:

- Senior- og brukarrådet i møtet 19.01.22
- Kommunalt foreldreutval (KFU), med representantar frå alle FAU ved skulane i Time, hadde møte 13.01.22, og gav innspel til planprogrammet og satsingsområda

Det har vore eige møte med frivillige lag og organisasjonar (02.12.21) og Bryne næringsforeining (22.02.22).

Kommuneorganisasjonen har på tvers av tenesteområda vore involvert i arbeidet med revisjon av samfunnsdelen.

Alle innspela er vurdert og har gitt nyttige tilbakemeldingar i arbeidet med å utarbeida samfunnsdelen.

Følgjande utgreiingar/evaluering er vedlegg til samfunnsdelen:

- Fagnotat – Areal – og fortettingsstrategi inkl. jordvernmål
- Fagnotat – Bustadstrategi
- Fagnotat – Mobilitetsstrategi
- Evaluering av handlingsplan Lokaldemokrati 2018-2020
- Fagnotat - Oppvekst og levekår med utgangspunkt i «Folkehelseundersøkelsen 2020»

Arealstrategi:

Nasjonale forventningar til kommunal og regional planlegging frå 2019 legg vekt på at samfunnsdelen skal innehalda ein arealstrategi. Eit av tiltaka i Regionalplan for Jæren og Søre Ryfylke 2050 er at kommunane fastset eit jordvernmål i arbeidet med kommuneplanen, noko som vil vera ein sentral del av ein arealstrategi.

I samfunnsdelen er følgjande areal- og fortettingsstrategi lagt til grunn:

Time kommune er ein viktig jordbrukskommune og skal bidra til at nasjonale og regionale mål om vern av jord vert nådd. Samstundes må ein balansere dette opp mot andre kommunale og regionale omsyn.

Stortinget vedtok i 2021 ein ny nasjonal jordvernstrategi med eit innskjerpa jordvern-mål. Ny målsetting er at omdisponering av dyrka jord ikkje skal overstiga

3000 dekar årleg, og at dette skal vera nådd innan 2025.

I fastsetting av arealstrategi og jordvernmål for Time legg ein til grunn kommuneplanen sin arealdel 2018-2030 og regionalplanen sin utviklingsstrategi. Det betyr at det nasjonale jordvernmålet ikkje kan brytast direkte og forholdsmessig ned på kommunenivå. Alle framtidige utbyggingsområde er vurderte til å bidra til måloppnåing av regionalplanen eller andre regionale satsingar. Dette inneber at ein ikkje treng å vurdere om noko område skal tas ut av planen.

Det kommunale jordvernmålet er sett på i tidsperspektivet 2022-2050. Omdisponering av jordbruksjord til anna formål enn LNF skal i den perioden ikkje vera meir enn i gjennomsnitt 45 dekar jordbruksjord per år. Tilrettelegging for kraftkrevjande verksemd som er av regional interesse, utgjer meir enn halvparten av dette målet. For å nå dette målet vil det vera naudsynt med ein strengare hushaldning med areal enn gjort i kommuneplanen sin arealdel 2018-2030 og eit stort fokus på fortetting. Dette må verta innarbeidd ved neste revidering av arealdelen. Eit sentralt prinsipp vil vera «innanfrå og ut»-prinsippet, som betyr at ein vil prioritera utbygging av områder nærast eksisterande busetnad før områder som ligg lengre vekk.

Fagnotatet «Areal- og fortettingsstrategi» går grundig gjennom dei vurderingane som ligg til grunn for kommunedirektøren sitt forslag til arealstrategi og kommunalt jordvernmål.

Bustadstrategi:

Val av bustad og bustadtilpassingar nært knytt til dei enkelte sine livsløp. Behov og ønsker endrar seg gjennom livet og bustadpreferansane vil vera prega av kva fase av livet folk er i. I dag er det forholdsvis få barnefamiljar som bur i blokkleilegheit i Time. For å oppnå høg arealutnytting og variert bumiljø i by- og tettstadane er det nødvendig med bustadblokker tilpassa ulike storleikar på hushaldningar for å gjera dette alternativet attraktivt.

Eldre innbyggjarar har ofte ikkje behov for einebustad, men kan ha reservasjonar mot å flytta inn i ein mindre leilegheit fordi dei ønsker areal til overnattingsgjester og samankomstar. Dette kan løysast gjennom til dømes felles opphaldsrom og gjesterom i bustadblokker.

Bustadstrategien utfyller kommunen sin nyleg vedteken Bustadplan 2020-2040. Den handlar om kommunen sine behov for tilrettelagde bustadar for innbyggjarar med spesielle behov.

Utgreiinga «Bustadstrategi» er vedlagt og omtalar mellom anna kva eldre vurderer som viktig ved skifte av bustad, statistikk for kven som bur i sentrum (alder, familie-situasjon) og forslag til tiltak som kommunen og byggenæringa kan samarbeida om for at Bryne og tettstadane skal ha ei variert bustadsamansetjing som eignar seg for alle typar hushald.

Mobilitetsstrategi:

Evalueringa av gjeldande samfunnsdel viser at mobilitet, altså å bevega seg frå A til B, enten med sykkel, til fots eller med kollektivtransport, er ei utfordring framover, også sett i eit klima- og folkehelseperspektiv. Hovudmål for mobilitetsstrategien:

- Gjennom god mobilitetsplanlegging skal Time kommune sikre eit godt,

- framtidsretta, bærekraftig og trafikksikkert kommunikasjonssystem.
- Time kommune skal sikra trygge og effektive transportårer for mjuke trafikantar til og frå sentrum og kollektivknutepunkt.
- Time kommune vil redusera biltrafikk i sentrum for å betra miljøet, skapa trivsel og god helse.
- Time kommune vil gjennom betre transportplanlegging og parkeringspolitikk bidra til å redusera samla klimagassutslepp.

Hovudmålsetjingane er i stor grad innarbeid i tekst og mål i samfunnsdelen. Bakgrunn for valde hovudmål og korleis ein skal arbeida for å oppnå målsetjingane, er omtala i vedlagt «Mobilitetsstrategi».

Lokaldemokratiet

Handlingsplan for lokaldemokratiet 2018-2020 er evaluert, og det er teke inn eit eige kapittel i samfunnsdelen som gjeld lokaldemokratiet. Kapitelet bygg på evaluering av handlingsplanen saman med formannskapet 21.09.21 og lokaldemokratiundersøkinga i regi av KS i november 2021.

Oppvekst og levekår

Ut frå «Folkehelseundersøkelsen 2020» og kommunen sin eigen folkehelseprofil 2018-2021 kan ein oppsummert seie at følgjande tiltak vert prioritert og teke inn i satsingsområda til samfunnsdelen:

- Fortsatt satsing på å leggja til rette for aktivitetsmangfald
- Fortsatt satsing på å styrke psykisk helse, spesielt den yngre del av befolkninga
- Fortsatt satsing på at ungdom fullfører vidaregåande opplæring
- Fortsatt satsing på å utjamna inntektsskilnadar, både ved å redusera opplevinga av dårleg økonomi og leggja til rette for at flest mogleg ungdom fullfører vidaregåande opplæring.

Funn og resultat frå «Folkehelseundersøkelsen 2020» er oppsummert i vedlagt fagnotat «Oppvekst og levekår».

Høyring

Formannskapet godkjente i [møtet 22. mars 2022](#) å leggja utkast til kommuneplanen sin samfunnsdel ut på høyring og offentleg ettersyn, med frist 3. mai .

Kommunen har mottatt 16 høyringssvar:

- Statsforvaltaren i Rogaland
- Rogaland fylkeskommune
- Norges vassdrags- og energidirektorat
- Senior- og brukarrådet
- Ungdomsrådet
- Norges bondelag
- Time Venstre
- Time Frp
- Time musikkråd
- Time pensjonistlag
- Vern Kverneland
- Lnett AS
- Planum AS

- Optimera AS
- Weatherlands AS
- Kalbergskogen eiendomsutvikling AS

Alle høyringsuttalane er gått gjennom og vurdert. I vedlegget «Merknadshefte for høyring av kommuneplanen sin samfunnsdel» er sentrale innspel oppsummert og kommentert.

VURDERING

Det framlagte forslaget til kommuneplanen sin samfunnsdel 2022-2034 bygg på vedtatt planprogram datert 8. juni 2021, innspel som har kome fram i medverknads-opplegget og sentrale innspel frå utgreiingane. Planen følgjer òg opp nasjonale, regionale og lokale føringar. I tillegg er det gjort enkelte justeringar i teksten som ein konsekvens av høyringsinnspela. Desse endringane er som utgangspunkt markert med raud skrift i planen og kommentert i merknadsheftet.

Fleire av høyringsinnspela har kommentert fastsettinga av eit kommunalt jordvernmål. Kommunedirektøren har vurdert om det skal gjerast endringar i jordvernmålet som vart føreslått i høyringsutkastet. Dette målet på maksimalt 45 dekar omdisponert jordbruksjord per år i perioden 2022 til 2050 har allereie som konsekvens at utbyggingar som etter arealdelen kunne skje etter 2030 må skyvast på til etter 2050. I tillegg må areal med rekkefølgjekravet «utbygging ikkje før etter 2025/2028» revurderast og differensierast ved neste revidering av arealdelen.

Ei signifikant skjerping av jordvernmålet vil ikkje vera mogleg utan å måtta redusera betydeleg i bustadutbygging på Bryne eller i tilrettelegginga for kraftkrevjande industri. Dette ser ikkje kommunedirektøren vil vera i tråd med tidlegare vedtak og føringar gitt av kommunestyret. Det framlagte forslaget til samfunnsdel inneheld derfor same forslag til kommunalt jordvernmål som i høyringsutkastet.

I formannskapet si behandling av høyringsutkastet vart det vedtatt å leggja til ordlyd om at det var omdisponering av jordbruksjord etter «faktiske forhold» som jordvernmålet tok utgangspunkt i. Kommunedirektøren kan ikkje sjå at ein har tilgjengelege data for å måle på denne måten, og føreslår derfor at «etter faktiske forhold» tas ut av planteksten.

Samfunnsdelen skal ha ein handlingdel som i praksis synar korleis samfunnsdelen vert følgt opp. For dei fleste kommunar, inkludert Time, utgjer økonomiplanen denne handlingdelen. Kommunedirektøren ønskjer å styrke koplinga mellom kommuneplanen sin samfunnsdel og økonomiplanen, og vil vurdere ulike måtar å gjera dette i samband med dei komande økonomiplanane. Eit sentralt element vil òg vera koplinga mellom samfunnsdelen, dei ulike temaplanane og økonomiplanen.

Kommunedirektøren vurderer planen i sin heilskap som ambisiøs og som eit godt visjonsdokument for positiv utvikling av Time kommune.

KONKLUSJON

Kommunedirektøren tilrår at kommunestyret vedtar kommuneplanen sin samfunnsdel 2022-2034.

Kommunedirektøren i Time, den 09.08.2022

Trygve Apeland

Vedlegg:

Kommuneplanen sin samfunnsdel 2022-2034

Fagnotat - Areal- og fortettingsstrategi 2022-2050

Fagnotat - Bustadstrategi

Fagnotat - Mobilitetsstrategi

Evaluering - Handlingsplan for lokaldemokratiet 2018-2020

Fagnotat - Oppvekst og levekår

Merknadshefte for høyring av kommuneplanen sin samfunnsdel

Uttale frå Statsforvaltaren i Rogaland

Uttale frå Rogaland fylkeskommune

Uttale frå NVE

Uttale frå Ungdomsrådet

Uttale frå Senior- og brukarrådet

Uttale frå Norges bondelag

Uttale frå Time Venstre

Uttale frå Time Frp

Uttale frå Time musikkråd

Uttale frå Time pensjonistlag

Uttale frå Vern Kvernaland

Uttale frå Lnett AS

Uttale frå Planum AS

Uttale frå Optimera AS

Uttale frå Weatherlands AS

Uttale frå Kalbergskogen eiendomsutvikling AS

Dette dokumentet er elektronisk godkjent i systemet og krev derfor ikkje signatur